

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 20.11.2019, kl. 17.00

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Pål Aarsæther og Rannveig B. Stavset.

Ikkje meldt forfall: Janne Gommesen

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Frå Skodje kommune møtte assisterande rådmann Malin Piegsa, einingsleiar Lene Solheim og teknisk sjef Frode Helland.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 16/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 04.09.2019

Inge Øye bad om ei forklaring på ordlyden «eigenrevisjon» i sak 14/19. Sekretariatet oppklarar dette.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 04. september 2019 blir godkjent.

Sak 17/19 - Revisjonsstrategi 2019 for Skodje kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 13. november 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Skodje kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

Sak 18/19 - Diverse orienteringar frå rådmann.

Sakspapir frå sekretariatet datert 13. november 2019

Saka var lagd fram utan tilråding til vedtak.

Teknisk sjef Frode Helland gav ei grundig orientering kring spørsmål om ugildskap i saka om kommuneplanen sin arealdel og saka om Hamre Transport. Det blei også gitt ei oppdatering kring status om opprydding i Furelia.

Einingsleiar Lene Solheim orienterte kontrollutvalet om typar godtgjersle i barnevernet. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og ta opp ulike moment.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar administrasjonen for gode orienteringar og tek dei til vitande.

Møtet var slutt kl. 18.25

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)

Rannveig B. Stavset
medlem
(sign)